



Stian Nepstad  
Fyllingsnesvegen 92  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1575 - 14/28363

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
19.12.2014

## Utsleppsløyve - GBNR 214/198 Fyllingsnes - bustad

**Administrativt vedtak. Saknr: 415/14**

**Tiltakshavar:** Stian Nepstad

**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for gbnr ny bustad på 214/198. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 03.06.2014

#### Planstatus

Eigedomen og leidningen fram til felles utsleppsleidning ligg i område som i kommuneplanen er avsett til bustad.

#### Nabovarsel

Utsleppet er nabovarsla som del av søknaden om løyve til tiltak etter pbl § 20-1.

#### Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i situasjonsplan frå Hjelmås VVS datert 08.05.2014

#### Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i slamavskiljar før det vert ført vidare til eksisterande felles avløpsleidning som går til sjø.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Det er lagt fram samtykke til tilknytning og til å legga leidningar over annanmans grunn. Slike avtalar bør tinglysast på eigedommane.

#### **Drift og vedlikehald**

Eigedomen skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

#### **VURDERING**

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre.

Kommunen føreset at den etablerte avløpsleidningen har tilstrekkeleg kapasitet og er ført ut på tilfredsstillande djupne. Eigaren av anlegget er ansvarleg for forureining frå anlegget. Dersom det oppstår forureining som følgje av utsleppet, eller at reinsekrava i resipienten vert endra, kan eigarane av anlegget få pålegg om oppgradering av anlegget.

Reinseløysinga krev slamtømming og eigedomen skal knytast til kommunal slamtømmeordning. Slamavskiljarar knytt til bustadar skal tømmast ikkje sjeldnare enn kvart 2. år, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

#### **Godkjenning etter andre lovverk**

Ansvarsrettar m.m. er godkjend i byggeløyve for bustaden datert 22.12.2014

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 1 bustad, inntil 5 pe, på gbnr 214/198 i samsvar med søknad mottatt 03.06.2014, på følgjande vilkår:**

- 1. Avløpet skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før avlaupet vert ført i tett, nedgraven leidning til eksisterande avløpsleidning som går til sjø.**
- 2. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.**
- 3. Det skal betalast årleg gebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ**
- 4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avløpsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid føl føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### **Ferdigstilling**

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

### **Tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf.

forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

### **GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3 a)	Utslepp kalkulert til < 20 PE (kap 12)	1	Kr 5.300

### **Klage over gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken

på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1575

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alvsbyhus c/o Kej Utvikling AS

Solheimsgaten  
16A

5058

BERGEN

**Mottakarar:**

Stian Nepstad

Fyllingsnesvegen  
92

5913

EIKANGERVÅG